

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	19/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2019	Næringsfondsstyret	PS	22.10.2019

### Søknad om tilskot og lån til innkjøp av utstyr, Testlab Vest AS

#### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver:

Alt. 1: kr. 37 500,- i lån og kr. 37 500,- i tilskot til Testlab Vest AS. Samla løyving kr. 75 000,-

Alt. 2: kr. 70 000,- i lån og kr. 70 000,- i tilskot til Testlab Vest AS. Samla løyving kr. 140 000,-.  
Løyvinga forutset vedtak i kommunestyret om auke i budsjetttramme for 2019 med kr. 70 000,-.

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
2. Før utbetaling skal søkjaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslag/budsjett.
3. Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til næringsfondsstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
4. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 - 2021 ligg til grunn.

#### Saksopplysningar:

Testlab Vest AS søker om tilskot (25 %) og lån (25 %) til finansiering av utstyr. Samla kostnadsramme for investeringa er på kr. 281 836,-.

Investeringa skal dekkje behov for mobilt utstyr m/ container for å teste grove steinfraksjonar på kundar si adresse, samt mindre hjullastar og høgtløftande jekketralle som skal nyttast ved tunge løft i laboratoriet i Modalen.

Hjullastar skal i tillegg kunne nyttast til m.a. brøyteoppdrag på vinterstid. Søkjar viser til at det allereie er inngått avtalar om brøyting, og at dette bidreg på inntekstsida ved å nytte tilgjengeleg kapasitet utstyret representerer.

### **Bakgrunn**

Testlab Vest AS mottok i 2018 kr. 204 000,- i tilskot frå næringsfondet til oppstart av verksemda. Søkjar viser til nye behov og endringar verksemda må forholde seg til, m.a. å nytte mobilt utstyr for å vere meir fleksibel inn mot kundar – og på det viset vere meir konkurransedugande. I tillegg ynskjer søkjar å nytte all kapasitet han kan med det utstyret som vert investert i. Det inneber å ta på seg mindre brøyteoppdrag på vinterstid for å auke innteninga i selskapet.

Hjullastar og jekketralle skal bidra til å sikre tilsett(e) i verksemda mot tunge løft (HMS).

Eigar av Testlab Vest AS, Oddbjørn Trohaug, finansierer investeringa med over 50 % av budsjetterte kostnader, til saman kr. 150 000,-.

Søkjar sine oppgjevne budsjettal (sal og resultat) syner ein noko saktare resultatutvikling enn oppgjeve i etableringssøknad, men at utviklinga framleis er på eit slikt nivå at det er råd å sjå føre seg vidare vekst. Budsjetterte salstal på kr. 1,3 mill i 2020 syner god forventning.

### **Vurdering**

Rådmannen stettar søkjar sine vurderingar om løfteutstyr for å avhjelpe mot tunge og potensielt helseskadelege løft. At søkjar finn at slikt utstyr har tilleggsverdi inn mot brøyting må vere innanfor dei vurderingar selskapet sjølv må kunne avgjere.

I tillegg har søkjar etterkvart erfart behovet for å mobilt utstyr som skal posisjonere selskapet ytterlegare der marknaden opererer. Rådmannen si vurdering er at søkjar gjer gode bransjerelaterte vurderingar for å styrkje selskapet sine føresetnader.

Søkjar er i tråd med Modalen kommune sin strategiske næringsplan og fokusområde *naturressursar* kor ein skal leggje til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar, samt fokusområdet *grûnder, etablering, entrepenør og innovasjon*.

Rådmannen plasserer prosjektet/tiltaket i kat. 3 med omsyn til tildeling av stønad frå næringsfondet, jfr. Strategisk næringsplan. Det inneber *høg grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i høg grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder*. Det er særleg nyskaping og vidareutvikling som er vekta, samstundes med at søkjar etablerer verksemd med mål og potensial til å skape konkrete arbeidsplassar – og med det styrke busetnaden.

### **Konklusjon**

Rådmannen viser til at det i budsjettamma for 2019 står att kr. 75 000,- å dele ut i stønad frå næringsfondet. Med det som grunnlag rår rådmannen til å løyve kr. 75 000,- i samla stønad til søkjar med fordelinga kr. 37 500,- i tilskot og kr. 37 500,- i lån.

Dersom næringsfondsstyret vurderer å gje løyving *utover* budsjettamma ved å leggje sak fram for kommunestyret om dette, rår rådmannen til at søkjar vert løyvd til saman kr. 140 000,- med fordelinga kr. 70 000,- i tilskot og kr. 70 000,- i lån.

## **Næringsfondsstyret - 017/2019**

### **NF - behandling:**

Oddbjørn Trohaug orienterte om søknaden og erfaringar så langt etter oppstart av bedrifta våren 2018. Ass. rådmann Ove Sæbø orienterte kort om bakgrunnen for to ulike forslag til vedtak. Vedtak om full støtte i tråd med søknad(alt 2), krev vedtak i kommunestyret om auka budsjettløyving frå Næringsfondet for 2019.

Ordførerar to dei to forslaga til vedtak opp til votering:

Alt 1 - 0 røyster

Alt 2 - 5 røyster. Samrøystes vedteke

### **NF - vedtak:**

Modalen kommune løyver:

kr. 70 000,- i lån og kr. 70 000,- i tilskot til Testlab Vest AS. Samla løyving kr. 140 000,-. Løyvinga forutset vedtak i kommunestyret om auke i budsjetttramme for 2019 med kr. 70 000,-.

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
2. Før utbetaling skal søkjaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslag/budsjett.
3. Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til næringsfondsstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
4. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 - 2021 ligg til grunn.

### **Vedlegg:**

Søknad om lån og tilskudd

Investering av utstyr